

## KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/47/23

av 28. august 2001

## om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til oppvaskmaskiner(\*)

[meldt under nummeret K(2001) 2600]

(2001/689/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 3, 4 og 6, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I artikkel 3 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at miljømerket kan tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I artikkel 4 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.
- 3) I artikkel 4 i forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria skal vurderast på nytt i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er spesifiserte for kvar produktgruppe, gjeld for, og vurderinga skal føre til eit framlegg om lenging, tilbakekalling eller revisjon.
- 4) Kommisjonen har ved vedtak 98/483/EF<sup>(2)</sup> fastsett miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til oppvaskmaskiner, som etter artikkel 3 i det nemnde vedtaket, endra ved vedtak 2001/397/EF<sup>(3)</sup>, skal gjelde fram til 31. januar 2003.
- 5) Definisjonen av produktgruppa og dei miljøkriteria som vart fastsette ved vedtak 98/483/EF bør reviderast, slik at det vert teke omsyn til marknadsutviklinga.
- 6) Det bør gjerast eit nytt kommisjonsvedtak der det vert fastsett særskilde miljøkriterium for denne produktgruppa som skal gjelde i eit tidsrom på fem år.

- 7) Både dei nye kriteria som vert fastsette ved dette vedtaket, og dei kriteria som er fastsette tidlegare ved vedtak 98/483/EF, bør gjelde samstundes i eit avgrensa tidsrom på høgst tolv månader, slik at føretak som har fått tildelt miljømerket for produkta sine før dette nye vedtaket vart gjort, har nok tid til å kunne tilpasse desse produkta slik at dei vert i samsvar med dei nye kriteria.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er vortne utarbeidde og vedtekne i samsvar med dei framgangsmåtane for fastsetjing av kriterium for tildeling av miljømerke som er fastsette i artikkel 6 i forordning (EF) nr. 1980/2000.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Produktgruppa «oppvaskmaskiner» (heretter kalla «produktgruppa») omfattar

«nett drivne hushaldsoppvaskmaskiner som vert selde til ålmenta. Produktgruppa omfattar ikkje apparat som òg kan drivast med andre energikjelder, t.d. batteri, eller som ikkje har ei innebygd varmekjelde.»

*Artikkel 2*

Den innverknaden som produktgruppa har på miljøet, slik ho er definert i artikkel 1, skal vurderast ut frå dei særskilde miljøkriteria som er førde opp i vedlegget.

*Artikkel 3*

Definisjonen av og kriteria for produktgruppa skal gjelde i fem år frå den dagen dette vedtaket tek til å gjelde.

Tidsrommet som definisjonen av produktgruppa og kriteria som er fastsette ved vedtak 98/483/EF skal gjelde for, skal lengjast slik at det går ut tolv månader etter den dagen dette vedtaket tek til å gjelde.

(\*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 242 av 12.9.2001, s. 23, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 7/2002 av 1. februar 2002 om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 18 av 4.4.2002, s. 9.

<sup>(1)</sup> TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 216 av 4.8.1998, s. 12.

<sup>(3)</sup> TEF L 139 av 23.5.2001, s. 21.

*Artikkel 4*

For administrative føremål vert produktgruppa tildelt kodennummeret «002».

*Artikkel 5*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 28. august 2001.

*For Kommisjonen*  
Margot WALLSTRÖM  
*Medlem av Kommisjonen*

---

## VEDLEGG

## MÅLSETJING

For at ei oppvaskmaskin (heretter kalla «produktet») skal kunne tildelast miljømerket, må ho høyre inn under den produktgruppa som er definert i artikkel 1, og stette kriteria i dette vedlegget på grunnlag av prøvingar som i samband med søknaden er vortne gjennomførde i samsvar med dei metodane som det er gjort greie for i kriteria. Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode. Dersom det ikkje er nemnt noka prøving, eller dersom prøvingane skal gjennomførast for kontroll- eller tilsynsføremål, bør dei rette organa leggje til grunn fråsegner og dokumentasjon frå søkjaren og/eller resultat av uavhengige kontrollar.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert stetta. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar).

Desse kriteria skal særleg fremje

- reduserte miljøskadar eller redusert miljørisiko som følge av energiforbruk (global oppvarming, forsuring, utarming av ressursar som ikkje kan fornyast) ved at energiforbruket vert lågare,
- reduserte miljøskadar som følge av bruk av naturressursar ved at vassforbruket vert lågare.

Kriteria skal fremje best mogleg bruk (optimal bruk med tanke på miljøet) og gjere forbrukarane meir medvitne om vern av miljøet. Dessutan skal attvinning av maskinene fremjast ved at plastkomponentar vert merkte.

Kriteria er fastsette på ein slik måte at dei fremjar merking av oppvaskmaskiner som har ein minst mogleg innverknad på miljøet, særleg gjennom bruken av dei.

## MILJØKRITERIUM

## 1. Energieffektivitet

- a) Oppvaskmaskiner med ein kapasitet på minst ti kuvertar må ha ein energieffektivitetsindeks på under 0,58, slik det er definert i vedlegg IV til kommisjonsdirektiv 97/17/EF av 16. april 1997 om gjennomføringsreglar for rådsdirektiv 92/75/EØF med omsyn til energimerking av hushaldsoppvaskmaskiner<sup>(1)</sup>, ved bruk av den same EN 50242-prøvingsmetoden og det same programmet som vart valde for direktiv 97/17/EF.

Oppvaskmaskiner med ein kapasitet på under ti, men over fem kuvertar, må ha ein energieffektivitetsindeks på under 0,64, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 97/17/EF, ved bruk av den same EN 50242-prøvingsmetoden og det same programmet som vart valde for direktiv 97/17/EF.

Oppvaskmaskiner med ein kapasitet på fem kuvertar eller færre må ha ein energieffektivitetsindeks på under 0,76, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 97/17/EF, ved bruk av den same EN 50242-prøvingsmetoden og det same programmet som vart valde for direktiv 97/17/EF.

*Søkjaren skal leggje fram ein kopi av det tekniske dokumentasjonsmaterialet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 97/17/EF. Dette dokumentasjonsmaterialet skal innehalde rapportar frå minst tre målingar av energiforbruk som er gjorde i samsvar med standarden EN 50242, ved bruk av det same programmet som vart valt for direktiv 97/17/EF. Det aritmetiske gjennomsnittet av desse målingane skal vere mindre enn eller lik det førnemnde kravet. Verdien som er førd opp på energiforbruksetiketten, skal ikkje vere mindre enn denne gjennomsnittsverdien, og energieffektivitetsklassen som er førd opp på energiforbruksetiketten, skal svare til denne gjennomsnittsverdien.*

*Ved kontroll, som ikkje er påkravd i samband med søknaden, skal dei rette organa ta omsyn til dei toleransane og kontrollframgangsmåtane som er fastsette i standarden EN 50242.*

- b) Oppvaskmaskina skal kunne koplast til varmtvassforsyninga.

*Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar dette kravet.*

## 2. Vassforbruk

Vassforbruket til oppvaskmaskina (uttrykt som  $W_{(m\ddot{a}lt)}$ ) skal vere lågare enn eller lik den terskelverdien som er definert ved følgjande likning, ved bruk av den same EN 50242-prøvingsmetoden og det same programmet som vart valde for direktiv 97/17/EF:

$$W_{(m\ddot{a}lt)} \leq (0,625 \times S) + 9,25$$

der

$W_{(m\ddot{a}lt)}$  = det målte vassforbruket til oppvaskmaskina, uttrykt i liter per oppvask og med éin desimal, og

S = talet på standardkuvertar som oppvaskmaskina er meint for.

<sup>(1)</sup> TEF L 118 av 7.5.1997, s. 1.

Søkjaren skal leggje fram ein kopi av det tekniske dokumentasjonsmaterialet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 97/17/EF. Dette dokumentasjonsmaterialet skal innehalde rapportar frå minst tre målingar av energiforbruk som er gjorde i samsvar med standarden EN 50242, ved bruk av det same programmet som vart valt for direktiv 97/17/EF. Det aritmetiske gjennomsnittet av desse målingane skal vere mindre enn eller lik det førnemnde kravet. Verdien som er førd opp på energiforbruksetiketten, skal ikkje vere mindre enn denne gjennomsnittsverdien.

Ved kontroll, som ikkje er påkravd i samband med søknaden, skal dei rette organa ta omsyn til dei toleransane og kontrollframgangsmåtane som er fastsette i standarden EN 50242.

### 3. Lågare forbruk av oppvaskmiddel

Apparatet skal ha tydeleg volummerking i doseringskoppen for oppvaskmiddel, slik at brukaren kan tilpasse oppvaskmiddelmengda etter oppvasktype og oppvaskmengd, og etter kor skiten oppvasken er.

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar dette kravet.

### 4. Støy

- Luftstøyen frå apparatet, rekna som lydeffekt, skal vere høgst 53 dB (A) for frittstående modellar og 50 dB (A) for innbygde modellar. Støynivået skal målast i samsvar med standardane EN 50242/EN 60704-2-3/EN 60704-3 ved bruk av den same prøvingsmetoden og det same programmet som vart valde for direktiv 97/17/EF.
- Opplysningar om støynivået for maskina skal gjevast på ein slik måte at dei er godt synlege for forbrukaren. Dette skal gjerast ved å ta med opplysningane på energiforbruksetiketten for oppvaskmaskiner.

Søkjaren skal leggje fram ein kopi av det tekniske dokumentasjonsmaterialet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 97/17/EF. Dette dokumentasjonsmaterialet skal innehalde rapportar frå minst tre målingar av støy som er gjorde i samsvar med standarden EN 50242, ved bruk av det same programmet som vart valt for direktiv 97/17/EF. Støynivået som det er opplyst om, skal fastsetjast ut frå desse målingane i samsvar med dei standardane som er nemnde i standarden EN 50242, og skal førast opp på energiforbruksetiketten.

Ved kontroll, som ikkje er påkravd i samband med søknaden, skal dei rette organa ta omsyn til dei toleransane og kontrollframgangsmåtane som er fastsette i standarden EN 50242.

### 5. Tilbakelevering og attvinning

- Produsenten skal utan vederlag tilby å ta tilbake med sikte på attvinning oppvaskmaskiner og komponentar som vert bytte ut av produsenten sjølv eller av eit selskap som har fullmakt til det, bortsett frå oppvaskmaskiner som inneheld komponentar som ikkje høyrer til maskina.
- Plastdelar som veg meir enn 50 gram, skal ha varig merking som syner kva materiale dei er framstilte av, i samsvar med standarden ISO 11469. Dette kravet gjeld ikkje for ekstruderte plastmateriale.
- Plastdelar som veg meir enn 25 gram, skal ikkje innehalde følgjande flammehemmande middel:

Namn	CAS-nr.
Dekabromdifenyler	13654-09-6
Monobromdifenyler	101-55-3
Dibromdifenyler	2050-47-7
Tribromdifenyler	49690-94-0
Tetrabromdifenyler	40088-47-9
Pentabromdifenyler	32534-81-9
Heksabromdifenyler	36483-60-0
Heptabromdifenyler	68928-80-3
Oktabromdifenyler	32536-52-0
Nonabromdifenyler	63936-56-1
Dekabromdifenyler	1163-19-5
Klorparafin med kjedelengde på 10-13 C-atom, klorinnhald > 50 vektprosent	85535-84-8

- d) Plastdelar som veg meir enn 25 gram, skal ikkje innehalde flammehemmande stoff eller preparat som inneheld stoff som er tildelte eller kan tildelast ei av dei følgjande risikoseiningane: R45 (fare for kreft), R46 (fare for arvelege skadar), R50 (svært giftig for vassorganismar), R51 (giftig for vassorganismar), R52 (skadeleg for vassorganismar), R53 (kan føre til uønskte langtidsskadeverknader i vassmiljøet), R60 (kan skade forplantingsevna) eller R61 (fare for forsterskadar), eller kombinasjonar av risikoseiningar som inneheld nokon av desse risikoseiningane slik dei er definerte i rådsdirektiv 67/548/EØF av 27. juni 1967 om tilnærming av lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlege stoffer<sup>(1)</sup> og seinare endringar av direktivet.

Dette kravet gjeld ikkje for flammehemmande middel som ved bruk får endra dei kjemiske eigenskapane sine slik at dei ikkje lenger treng klassifiserast under nokon av risikoseiningane ovanfor, og der mindre enn 0,1 % av middelet i den delen som er handsama, har same form som før handsaminga.

- e) Ved utforminga av apparatet skal produsenten syte for at det kan demonterast; han skal kontrollere at oppvaskmaskina kan demonterast, og levere ein demonteringsrapport som på oppmoding skal vere tilgjengeleg for tredjemenn. Rapporten skal m.a. stadfeste at
- koplingane er lette å finne og tilgjengelege,
  - dei elektroniske komponentane er lette å finne og demontere,
  - produktet er lett å demontere ved hjelp av vanleg verktoy,
  - materiale som ikkje høver saman og er farlege, skal kunne skiljast frå kvarandre.

*Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava. Søkjaren skal syte for at det rette organet som vurderer søknaden, får ein kopi av demonteringsrapporten. Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal opplyse det rette organet om kva flammehemmande middel som eventuelt er nytta i eller på plastdelar som veg meir enn 25 gram.*

#### 6. Lenging av levetida

- a) Produsenten skal garantere at apparatet verkar i minst to år. Garantien skal gjelde frå den datoen då apparatet vert levert til kunden.
- b) Det skal garanterast at kompatible reservedelar og service er tilgjengelege i tolv år rekna frå det tidspunktet då produksjonen tek slutt.

*Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava.*

#### 7. Utforming av apparatet

- a) Apparatet skal gjere det mogleg for brukaren å velje eit program for vask av ei normalmengd der det vert nytta oppvaskmiddel som verkar best ved temperaturar under 65 °C.
- b) Apparatet skal ha merking som tydeleg syner korleis dei tilgjengelege programma bør innstillast (t.d. normalprogram, låg temperatur, halvfull maskin, lite skiten og svært skiten oppvask osv.).
- c) Apparatet skal eventuelt vere utstyrt med ein indikator for etterfylling av salt som gjer det mogleg å tilpasse saltmengda etter kor hardt vatnet er.

*Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava.*

#### 8. Vaskeevne

Oppvaskmaskina skal ha ein vaskeevneindeks på over 1,00, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 97/17/EF, ved bruk av den same EN 50242-prøvningsmetoden og det same programmet som vart valde for direktiv 97/17/EF. Oppvaskmaskina stettar då krava til vaskeevneklasse A eller B, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 97/17/EF.

*Søkjaren skal leggje fram ein kopi av det tekniske dokumentasjonsmaterialet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 97/17/EF. Dette dokumentasjonsmaterialet skal innehalde rapportar frå minst tre målingar av vaskeevneindeksen som er gjorde i samsvar med standarden EN 50242, ved bruk av det same programmet som vart valt for direktiv 97/17/EF. Det aritmetiske gjennomsnittet av desse målingane skal vere større enn det førnemnde kravet. Vaskeevneklassen som er førd opp på energiforbruksetiketten, skal svare til denne gjennomsnittsverdien.*

*Ved kontroll, som ikkje er påkravd i samband med søknaden, skal dei rette organa ta omsyn til dei toleransane og kontrollframgangsmåtane som er fastsette i standarden EN 50242.*

#### 9. Tørkeevne

Oppvaskmaskina skal ha ein tørkeevneindeks på over 0,93, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 97/17/EF, ved bruk av den same EN 50242-prøvningsmetoden og det same programmet som vart valde for direktiv 97/17/EF. Oppvaskmaskina stettar då krava til tørkeevneklasse A eller B, slik det er definert i vedlegg IV til direktiv 97/17/EF.

<sup>(1)</sup> TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1.

Søkjaren skal leggje fram ein kopi av det tekniske dokumentasjonsmaterialet som er nemnt i artikkel 2 nr. 1 i direktiv 97/17/EF. Dette dokumentasjonsmaterialet skal innehalde rapportar frå minst tre målingar av tørkeevneindeksen som er gjorde i samsvar med standarden EN 50242, ved bruk av det same programmet som vart valt for direktiv 97/17/EF. Det aritmetiske gjennomsnittet av desse målingane skal vere større enn det førnemnde kravet. Tørkeevneklassen som er førd opp på energiforbruksetiketten, skal svare til denne gjennomsnittsverdien.

Ved kontroll, som ikkje er påkravd i samband med søknaden, skal dei rette organa ta omsyn til dei toleransane og kontrollframgangsmåtane som er fastsette i standarden EN 50242.

#### 10. Bruksrettleiing

Apparatet skal seljast med ei bruksrettleiing som m.a. gjev råd om miljøvenleg bruk, særleg tilrådingar om best mogleg drift av apparatet med omsyn til bruk av energi, vatn og tilsetjingsstoff (oppvaskmiddel, salt osv.). Bruksrettleiinga skal innehalde:

- a) følgjande tekst (eller tilsvarande) på omslaget eller på første sida: «Dette produktet er tildelt EU-miljømerket. Bruksrettleiinga inneheld opplysningar om korleis innverknaden på miljøet kan gjerast så liten som råd»,
- b) råd om korleis oppvaskmaskina kan installerast slik at ho gjev minst mogleg støy,
- c) råd om at fylling med varmt vatn kan spare primærenergi og redusere utslepp dersom vatnet vert varma opp med solenergi, fjernvarme, moderne varmeanlegg som nyttar naturgass eller olje, eller med ein naturgassfyrt vassvarmar med kontinuerleg gjennomstrøyming. Brukaren skal òg ha opplysningar om at slangen mellom varmtvasskjelda og oppvaskmaskina bør vere kort og godt isolert,
- d) råd om eventuelt å tilpasse saltmengda etter kor hardt vatnet er,
- e) råd om å nytte den fulle kapasiteten til oppvaskmaskina når det er mogleg,
- f) råd om ikkje å skylje oppvasken før han vert sett inn i oppvaskmaskina,
- g) råd om best mogleg bruk av eit eventuelt separat skyljeprogram,
- h) råd om at det finst oppvaskmiddel som verkar best ved temperaturar under 65 °C og gjer det mogleg å spare energi,
- i) råd om å tilpasse oppvaskmiddelmengda etter oppvasktype og -mengd, og etter kor skiten oppvasken er (t.d. at det trengst mindre oppvaskmiddel til halvfull maskin). Det skal òg visast til merkinga i doseringskoppen,
- j) opplysningar om energi- og vassforbruket til oppvaskmaskina ved bruk av dei ulike programma, slik at brukaren kan velje eit høveleg program som krev minst mogleg forbruk av energi og vatn, og opplysningar om forbruksnivåa når maskina er i kvilestilling,
- k) råd om at oppvaskmaskina bør slåast av når programmet er ferdig, for å unngå eventuelt tap av energi i kvilestilling. Bruksrettleiinga skal opplyse om tida som går med ved bruk av dei tilgjengelege programma,
- l) opplysningar om energiforbruket når maskina er slått av, ved bruk av tidsbrytar (programmering) og når programmet er ferdig,
- m) råd om høveleg vedlikehald av oppvaskmaskina, medrekna jamleg reinsing av filter, og opplysningar om tilgjengelege reservedelar,
- n) opplysningar om at dersom dei førnemnde tilrådingane ikkje vert følgde, kan det føre til høgare forbruk av energi, vatn og/eller oppvaskmiddel, noko som igjen kan auke driftskostnadene og gje dårlegare resultat.
- o) råd om korleis forbrukaren kan nytte seg av ordninga med tilbakelevering til produsenten,
- p) opplysningar om at produktet er vorte tildelt EU-miljømerket, saman med ei kort forklaring på kva dette inneber, at fleire opplysningar om miljømerket er å finne på Internett-adressa <http://europa.eu.int/ecolabel>, og at det finst oppvaskmiddel som er vortne tildelte miljømerket.

Søkjaren skal stadfeste at produktet stettar desse krava, og syte for at det rette organet som vurderer søknaden, får ein kopi av bruksrettleiinga.

#### 11. Opplysningar på miljømerket

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

- svært lågt energiforbruk,
- lågt vassforbruk,
- utforma med sikte på attvinning.